

**MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE - TYSVÆR KOMMUNE**

Saksnr	Utval	Møtedato
58/13	Formannskapet	15.10.2013
48/13	Kommunestyret	22.10.2013

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Tysvær kommunestyre stiller seg nøytralt til kva målform som blir nytta i offentleg teneste i Tysvær kommune. Det betyr at i saksutgreiingar, planar og kommunal informasjon skal nynorsk og bokmål nyttast som jamstelte skriftspråk. I dagleg korrespondanse bør det normalt nyttast same skriftspråk som den som vender seg til kommunen sjølv nyttar.
2. Som ein kommune med sterke nynorsktradisjonar, ønskjer Tysvær kommune å støtte opp om det arbeidet Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) gjer, ved å vidareføre medlemskapen i LNK.

Arvid S. Vallestad
Rådmann

BEHANDLING I FORMANNSKAPET - 15.10.2013

Tone Åslaug Kringeland, SP fremja følgjande framlegg til nytt punkt 1:

Formannskapet innstiller på at målforma i Tysvær skal vera nynorsk. Kommunestyret stiller seg nøytral til kva målform som vert nytta i daglig korrespondanse. Ved informasjon t.d. nettsider, skjema og liknande, skal nynorsk nyttast.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til pkt. 1: 4 røyster (Stakkestad, Apeland, Bakken og Larsen).
Tone Åslaug Kringeland sitt framlegg til pkt. 1: 5 røyster (Kringeland, Aurdal, Halsnes, Årvik, Gjerde)

Rådmannen sitt framlegg til punkt 2:
Vedtatt med 7 røyster. 2 røyster mot (Karsten A. Larsen og Arvid B. Bakken)

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Målforma i Tysvær skal vera nynorsk. Kommunestyret stiller seg nøytral til kva målform som vert nytta i daglig korrespondanse. Ved informasjon t.d. nettsider, skjema og liknande, skal nynorsk nyttast.
2. Som ein kommune med sterke nynorsktradisjonar, ønskjer Tysvær kommune å støtte opp om det arbeidet Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) gjer, ved å vidareføre medlemskapen i LNK.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 22.10.2013

Tone Kringeland (SP) fremma følgjande forslag til endring i fleirtallsinnstillinga frå formannskapet:

Nytt punkt 1:

Målforma i Tysvær skal vera nynorsk.

Kommunestyret stiller seg nøytral til kva målform som vert nytta i daglig korrespondanse, saksutgreiingar m.m. Ved informasjon t.d. internettsider, skjema og liknande, skal nynorsk nyttast.

Pkt 2 som formannskapet si innstilling

Anita Halsen (AP) fremja følgjande framlegg til vedtak:

Pkt 1

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Nytt punkt 2:

Kommunestyret legg til grunn for jamstillingsvedtaket i pkt. 1 at nynorsk og bokmål skal nyttast i om lag like stor grad i kommunen si teneste. Rådmannen skal sjå til at dette blir praktisert i utarbeiding av saksutgreiingar, planar og kommunalt informasjonsarbeid. Der det er mulig og hensiktsmessig skal kommunal informasjon på heimesidene og elles utarbeidast på begge målføre.

Nytt punkt 3

Som punkt 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Ved røysting vart fleirtallsinnstillinga frå formannskapet, med Kringeland sitt endringsforslag, sett opp mot Halsnes sitt framlegg.

Fleirtallsinnstillinga frå formannskap, med Kringeland sitt endringsforslag fekk 13 røyster: Kringeland (SP), Austerheim (SP), Dybdal (SP), Molland (AP), Årvik (AP), Lindanger (AP), Gjerde (V), Hervik (H), Gjerde (H), Susort (Krf), H.Førland (Krf), Brekke (Krf) og Aurdal (Krf)

Halsnes sitt framlegg til vedtak fekk 16 røyster:

Søvik (V), Knoff (H), T.Førland (H), Johnsen (H), A.Bakken (H), Eikehaugen (H), Apeland (H), Sørensen (AP), Løland (AP), Eikeskog (AP), Halsnes (AP), Stakkestad (H), K.I. Bakken (FrP), Sandvik (FrP), Baustad (FrP), Larsen (FrP)

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 22.10.2013

1. Tysvær kommunestyre stiller seg nøytralt til kva målform som blir nytta i offentleg teneste i Tysvær kommune. Det betyr at i saksutgreiingar, planar og kommunal informasjon skal nynorsk og bokmål nyttast som jamstelte skriftspråk. I dagleg korrespondanse bør det normalt nyttast same skriftspråk som den som vender seg til kommunen sjølv nyttar.
2. Kommunestyret legg til grunn for jamstillingsvedtaket i pkt. 1 at nynorsk og bokmål skal nyttast i om lag like stor grad i kommunen si teneste. Rådmannen skal sjå til at dette blir praktisert i utarbeiding av saksutgreiingar, planar og kommunalt informasjonsarbeid. Der det er mulig og hensiktsmessig skal kommunal informasjon på heimesidene og elles utarbeidast på begge målføre.
3. Som ein kommune med sterke nynorsktradisjonar, ønskjer Tysvær kommune å støtte opp om det arbeidet Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) gjer, ved å vidareføre medlemskapen i LNK.

SAKSUTGREIING:

1. Bakgrunn

I formannskapet sitt møte 13.03.12, som orienteringssak 26/12, tok ordfører opp eit oversendingsframlegg til administrasjonen med følgjande ordlyd:

Ordfører ønsker en sak om hvilken målform Tysvær kommune ønsker å bruke.

Synspunkt fra ordfører:

Det blir mye unødvendig tid til saksbehandling, da mange trenger hjelp fra kollegaer eller har vanskelig å formulere tekst på nynorsk. Det blir ofte en nynorsk «overskrift» og bokmål saksutredning. Mange kommuner i Rogaland (minst halvparten) stiller seg nøytral til valg av språk i kommunen, bl.a. Karmøy som har god erfaring med at det stilles fritt.

Det kan også brukes fritt på nettet og i utlysning av stillinger.

Jeg ønsker også at vi må se på medlemskapet i Landssammenslutninga av nynorskkommunar som koster oss kr 14.562,- pr år.

2. Gjeldande ordning

Vedtak i formannskapet i 1965:

Kommunestyret handsama sak om målform i den nye Tysvær kommune allereie ved kommunesamanslåinga i 1965, som sak 24/65 med følgjande utfall:

Formannskapet si tilråding:

Formannskapet rår til at nynorsk vert nytta som administrasjonsmål, og at denne målforma skal nyttast i brevbyte med styresmaktene.

Framlegg frå Tønnes Straum:

Kommunestyret ser det som naturleg at ein mest mogleg nyttar nynorsk til målform i administrasjonen, men vil elles stilla seg nøytral til kva målform som vert nytta i brevbyte.

Vedtak: Formannskapet sitt framlegg i sak 25/65 vedteke med 21 mot 10 røyster som vart avgitt for Straum sitt framlegg.

Vedtak i kommunestyret i 2005:

Sak om målform vart på ny tatt opp i 2005.

Rådmannen viste då til 2 moglege alternativ i utgreiinga si til formannskap og kommunestyre:

Alt. 1: Kommunestyret stiller seg nøytralt til kva målform som blir nytta i offentleg teneste i Tysvær kommune.

Alt. 2: Kommunestyret stiller seg nøytralt til kva målform som blir nytta i dagleg korrespondanse, saksutgreiingar m.m. Ved informasjon t.d. internettsider, skjema og liknande skal nynorsk nyttast.

Rådmannen si innstilling vart alternativ 2.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster, medan eit framlegg frå Sigrid Skeiseid (FRP) om at kommunen skulle vera språkleg nøytral fekk 2 røyster.

Følgjande framlegg frå Tone Kringeland (SP) blei fleirtalsframlegg frå formannskapet til kommunestyret:

Målforma i Tysvær skal vera nynorsk.

Kommunestyret stiller seg nøytralt til kva målform som vert nytta i dagleg korrespondanse.

Kommunestyret rår til at ein i størst mogleg grad nyttar nynorsk i saksutgreiingar m.m.

Ved informasjon t.d. internettsider, skjema og liknande skal nynorsk nyttast. Formannskapet sitt fleirtalsframlegg vart vedtatt med 21 røyster og det er dette vedtaket som har vore retningsgjevande for målbruken i kommunen sin administrasjon.

3. Føringar i lovverk

Mållova:

Det er Lov om målbruk i offentleg teneste (mållova) av 11. april 1980 som gir rammene for målbruk i offentleg teneste. Første setning i § 1 i lova slår fast at det skal vere språkleg jamstilling: «Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune.»

§ 5 i lova er særleg innretta på den kommunale verksemda og heile paragrafen lyder slik:

«Eit kommunestyre kan gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral. Tilsvarande vedtak kan fylkestinget gjere for fylkeskommunen.

Så lenge ein kommune eller ein fylkeskommune ikkje har gjort vedtak som nemnt i denne paragrafen, skal han reknast for å vere språkleg nøytral.

Kommunar og fylkeskommunar skal melde vedtak etter denne paragrafen til departementet, som syter for at vedtaka blir gjort kjende i statstenesta.»

§ 7 i lova legg føringar for korleis eit statleg organ i eit avgrensa område, t.d. eit fylke, skal praktisera målbruken i høve til kommunar. Såleis heiter det: «Dersom statsorgan vender seg under eitt til fleire kommunar i eit avgrensa område, skal fleirtalsmålforma for kommunane nyttast. Ligg det ikkje føre noko fleirtalsmålform, står organet fritt i val av målform. Fleirtalsmålforma er den målform som flest kommunar har kravt. Det er ikkje noka fleirtalsmålform dersom over halvparten av kommunane er språkleg nøytrale. Det same gjeld dersom like mange kommunar har kravt bokmål eller nynorsk.»

For Rogaland er det slik at det er 12 kommunar som er språkleg nøytrale, 3 har bokmål medan 11 har nynorsk som målform. Som følgje av § 7 har såleis Fylkesmannen i Rogaland nynorsk språkføring i skriv og på si heimeside (internett).

Opplæringslova:

Ein finn det rett å ta med føringane frå Opplæringslova då verknader av denne vil ha sitt å seia for seinare språkføring i kommunen. Bestemmelsar er å finna i § 2-5 i denne lova og dei første fire avsnitta i denne paragrafen vert gjengitt her:

§ 2-5. Målformer i grunnskolen

«Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.

Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa. Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.»

Målføret i Tysværskulen fordeler seg for tida slik:

Skuleåret 2013/2014: Av 1616 elevar har 60 % bokmål og 40 % nynorsk.

Reine bokmålskular: Førre og Frakkagjerd barneskular

Reine nynorskskular: Førland, Straumen og Nedstrand barne- og ungdomsskule

Skular med språkdeling:

Frakkagjerd ungdomsskule: 68 % bokmål, 32 % nynorsk

Grinde skule: 26 % bokmål, 74 % nynorsk) - Nynorskskule

Tysværvåg barne- og ungdomsskule: 56,5 % bokmål, 43,5 % nynorsk) - Nynorskskule

Skuleåret 2013/2014 er det oppretta 13 språkdelingsklassar, mot 10 i skuleåret 2012/2013.

4. Gjeldande praksis for språkføring i administrasjonen

Administrasjonen har i sin praksis lagt til grunn kommunestyrevedtaket av 2005. I saksutgreiingar for politiske utval har sakshandsamarar «i størst mogleg grad» nytta nynorsk. Vedtaket er tolka slik at dersom det er sakshandsamarar som ikkje meistarar nynorsk språkføring tilfredsstillande, så gis dei høve til å utforme sakene på bokmål. Dette sikrar rimeleg effektiv utnytting av arbeidskrafta, innafor dei retningslinjene kommunestyret har gitt, og ein legg ikkje unødvendig beslag på andre – ofte leiingar – si tid til «retting» av dokumenta.

Rådmannen sitt inntrykk er at målform i liten grad har vore reist som «tema» av saksbehandlarar i dei åra som har gått sidan kommunestyrevedtaket i 2005. Vedtaket opna for at ein ikkje skulle ha nokon «tvang», og det ser ikkje ut til at den enkelte opplever det som utfordrande å praktisere kommunestyret sin intensjon med nynorsk som «hovudforma». Nokre kan nok likevel oppleve at dei, med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak i 2005, bør skrive nynorsk, sjølv om det kanskje ville vere enklare for dei å skrive saka eller brevet på bokmål. Ei anna utfordring med kommunestyrevedtaket i 2005 kan vere er at i saker som fleire saksbehandlarar gir bidrag til (skriv i), blir det lett ei blanding av nynorsk og bokmål. Rådmannen ser slik språkblanding som lite ønskjeleg, og der er i ferdigstilling av saka (andre dokument) eit mål å unngå dette. I praksis blir det likevel eit spørsmål kor ein skal «legge lista» og kor mykje arbeid det er hensiktsmessig å legge ned i dette.

I samsvar med kommunestyrevedtaket har ein lagt opp til at kommunen si internettside (heimeside) og all informasjon, rundskriv, rettleiingar m.v. skal vera utforma på nynorsk. Av alt som nå er utlagt på heimesida, er det også dokument som er utforma på bokmål. Ei spesiell utfordring i den digitale verda er utarbeiding av felles malar, der ting må vera like. Det er dei som meiner at det ikkje «tar seg ut» at t.d. kommunen si heimeside dels kan vera på nynorsk, dels på bokmål – det vil virka rotete og faktisk gi eit dårleg omdømme. Andre ser ikkje så alvorleg på det og synest det er heilt greitt at begge målføre er representert, og at det er døme på språkleg jamstilling. Rådmannen ser for sin del ingen problem med å akseptere at begge målformer blir nytta på heimesida, så lenge dette blir gjort på ein konsistent måte (same målform i same mal og/eller dokument).

5. Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

Ordførar har bedt om at rådmannen / administrasjonen også ser på kommunen sitt medlemskap i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). Kommunen betalar om lag kr 15.000,- pr. år for denne medlemskapen.

Dersom ein kommune vel nynorsk språkform, er det ikkje slik at det automatisk fører til medlemskap i LNK. Det må ei aktiv handling til utover kommunestyrevedtaket. Det kan vel tenkjast at det fleirtalet som vel at kommunen skal ha nynorsk språkform også er interessert i at kommunen engasjerer seg i ein interesseorganisasjon som vil fremja nynorsk språkbruk, «*setja språkpolitikk inn i ei vidare kulturell ramme og synleggjera samanhengar mellom språk, identitet, kultur og næringsutvikling*» som det heiter i ein foldar frå LNK.

Språkdebattane i Tysvær kommunestyre og vedtaka har likevel vist at det er delte syn i saka. Fleire meiner at det beste vil vera at kommunen er språkleg nøytral og at det ikkje skal arbeidast spesielt

for nokon bestemt målform, slik LNK-føremålet er. I så måte kan ein visa til § 1 i mållova om språkleg jamstelling.

Når det gjeld utgiftene til medlemskapen så kjem spørsmålet om kva ein har igjen for dette. Følgjande «utteljing» har gjort seg gjeldande for Tysvær sitt vedkomande:

- Rimelege prisar på hotellopphald i Bergen og Oslo for tilsette i medlemskommunar (blir nytta av tilsette i samband med kurs/seminar, m.v.).
- Kurs i betre språkføring for saksbehandlarar
- Tipshefter for betre språkføring
- Kommunen fekk «språkvaska» arealdelen og samfunnsdelen til kommuneplanen, «gratis» gjennom medlemskapen
- LNK-Avisa som kjem ut 6 gonger pr. år

6. Rådmannen sine merknader og vurdering

Det er, som det går fram av kap. 3 i denne saka, eit lovkrav å praktisere bokmål og nynorsk som «likeverdige målformer» som skal vere «jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune» (jf. §1 i Lov om målbruk i offentleg teneste av 11. april 1980).

Rådmannen ser det samstundes som ønskjeleg å sikre eit godt, presist og konsistent språk i all sakshandsaming og anna dokumentproduksjon og informasjonsverksemd i Tysvær kommune.

Dette er ikkje alltid krav som det i praksis er lett å sameine, då sikring av gode kvalitetar i skriftspråket på enkelte måtar ville vore lettare med klare føringar om eitt skriftspråk enn med to. Kommunestyrevedtaket frå 2005 opna slik sett opp for ein meir fleksibel praksis som har gode sider med omsyn til språkleg jamstelling, men også meir problematiske sider.

Kva som er naturleg skriftspråk for innbyggjarane våre har endra seg mykje over tid i Tysvær, og det er no vesentleg fleire bokmåls- enn nynorskelevar i Tysværskulen. Å gå tilbake til nynorsk som administrasjonsmål, som var vedtaket fram til 2005, blir dermed lite naturleg. Rådmannen vurderer det vidare, i ein kommune med sterke nynorsktradisjonar, som lite aktuelt og ønskjeleg å gjere vedtak om at bokmål frå no av skal nyttast som administrasjonsmål. Det viktigaste må vera at det i kommunale saksdokument blir brukt eit godt og konsistent språk, anten det er nynorsk eller bokmål.

Rådmannen tilrår, ut frå ei samla vurdering, at kommunestyret stiller seg nøytralt til kva målform som blir nytta i offentleg teneste i Tysvær kommune. Dette vil då gjelde både for saksutgreiingar, planar, kommunal informasjon og all dagleg korrespondanse. I arbeidet med saksutgreiingar/planar og kommunal informasjon skal nynorsk og bokmål då kunne nyttast som jamstelte skriftspråk. Same sak/plandokument må vera i same målform. Vidare bør det i dagleg korrespondanse normalt nyttast same skriftspråk som den brevet blir skriva til nyttar når dei vender seg til kommunen.

Når det gjeld medlemskap i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), tilrår rådmannen å vidareføre denne også ved eit evt. vedtak om å stille seg nøytralt til kva målform som blir nytta i offentleg teneste i kommunen. Eit viktig argument er dei sterke nynorsktradisjonane vi har i Tysvær. LNK kan mellom anna gje hjelp til «språkvasking» av store planar og andre dokument, og det er også andre fordelar med medlemskapen som veg greitt opp for relativt små kostnader. Like viktig er det, slik rådmannen ser det, at bokmål på mange måtar framleis er «maktspråket» og at vi treng motkrefter som LNK i arbeidet med å sikre språkleg jamstelling.